


# MENIGHETSBLAD

## FOR ORKDAL PRESTEGJELD

**«Når dere søker meg av hele eders hjerte, vil jeg la meg finne av eder».**

| Nr. 3 | PÅSKEN 1961 | 11. årg. |
|---|---|---|


## Når han kommer - - -

Jesus skal komme igjen.

Ja — sier du kanskje, dette er sagt i så lang tid nå, at jeg har nesten sluttet å tro det.

Forresten så kommer han nok ikke på lenge enda, ikke i min levetid. Slik tenker de fleste.

«Jeg kommer snart», sa han selv. Leser vi vår Bibel, og følger med i det som skjer ute i verden og omkring oss i dag, så kan det ikke være tvil om at Jesu komme er nær forestående.

Hedningenes mange millioner har snart fått høre evangeliet.

Israelsfolket har fått sitt fedreland tilbake, og daglig fortsetter de å komme dit — mange, mange andre tegn kunne også nevnes.

Men det er en tanke som er blitt veldig alvorlig for meg. Den store massen av folket har ikke greie på dette som skjer, av den grunn at de ikke leser sin Bibel og ikke går og hører Guds ord i dag.

Jesus kommer uventet. Han sender ikke telegram god tid i forveien. Heller ikke blir hans ankomst meldt gjennom radio. Han kommer i den time vi ikke tenker.

Venter vi gjester til heimen vår, er vi forberedt, vi gjør i stand i god tid for å ta imot disse, og blir glad når vi hører dem utenfor.

Har vi gjort i stand til kongenes konge — til han kommer i skyen? Er du ferdig om han kom i dag — eller i natt? Eller må du stå igjen når de kristne blir hentet?

Tida maner oss til bønn og arbeid. **Måtte noen flere bli med oss, slekt og venner kjær — å, vi ønsker så inderlig at flokken som venter på Ham må vokse, men tiden er kort, skynd deg. Kanskje burde vi rense ut noe hos oss — vi som bærer kristennavnet idag.**

Noe av vårt eget jeg — hovmot — egenvilje — misunnelse — ja, vi trenger selv å bli fornyet før han kommer.

«Når han kommer - når han kommer
vi med jubel skal engang -
synge Lammets nye sang -
når han kommer - når han kommer -
salig den som rede er
når han kommer».

*Jorheid Asbøll.*



## Kva arbeider de med i Orkdal sokneråd?

Det var spørsmålet vi stilte til formannen i Orkdal sokneråd for litt sidan. Det er så alt for sjeldan Menighetsbladet har meldingar frå sokneråda våre. Nå har vi tenkt å bøta på dette med å intervjua formennene etter tur. Det høvde slik at vi først råka borti fylkesagronom Helge Syrstad og stilte spørsmålet vårt til han.

— Han svara: Nå har vi nettopp (medio februar) hatt møte til val og til drøfting av offerdagar og andre økonomiske saker. Eg har ellers tenkt å skriva eit stykke sjølv om dette i Menighetsbladet.

Og det vart vel attval?

— Ja, prost Hatlebrekke vart attvald til nestformann og Anders Fagerholt til kasserar, og formannen vart også den same.

Dette med offerdagar må vera litt av eit problem?

— Av lista over ofringar i Orkdal kyrkje i 1960 ser ein fort at det er mange gode føremål som bed om bidrag, og som får det. Men de skulle sett haugen av søknader om ofring som kjem inn til soknerådet. Det er uråd å svara positivt på meir enn ein brøkdel. Det ville ikkje bli offerdagar nok i året. Soknerådet tar det standpunktet at dei organisasjonane som har eit eller anna arrangemang på staden, og som tek del i gudstenesta med ein utsending, får offer ved slike høve. Det er regelen vi går etter. Men dei andre søknadene blir journaliserte og ar-

(Forts. s. 4).

# Har fastetida mist si meining?



Det kan sjå ut til at vi held på og mistar fastetida med det innhaldet ho har hatt frå gamalt av. Det er ikkje nok å ta i arv kristne tradisjonar. Kvar generasjon må fylle tradisjonane med innhald på nytt, ellers blir dei berre ytre former som visnar og døyr. Tome former.

For mange nordmenn er fastetida blitt karnevalstida med løyer og maskerade. Men det er å setja gamal tradisjon heilt på hovudet og laga ein karikatur.

Men har kyrkja noko å setja opp mot ei slik verdsleggjering? Fastetida må da vel bety noko enno for kyrkje og kristenliv her i landet?

Den som fylgjer vel med i gudstenesta, legg merke til visse innslag som skal gi denne tida av kyrkjeåret eit særpreg. Bibel-tekstene som vert lesne, inneheld mykje om kampen mot synd og vonde makter. Og dette var også grunnmotivet i fastetida alt i dei eldste kyrkjetider. I ei fastepreike frå omlag år 450 seier Leo: «Sjå, no er ei lagleg tid til å lyse krig mot alle synder og la alle dygder veksa». Da skjønar vi at faste som fråhald frå visse slag mat var tenkt som ei hjelp i denne krigen mot synda.

Denne heilage krigen *mot* synd og *for* Jesu Kristi kongeherredøme skal vi nok føra heile året og heile livet, men fastetida skulle altså mane oss til «full mobilisering» i denne striden.

Men etter reformasjonen har fastetida vore noko anna og meir. Av di denne tida er ei førebuingstid til påskehøgtida, har ho samtidig vorte ei *pasjonstid*, ei tid då tankane samla seg om den lidande frelsaren. Derfor inneheld ei «fastebok» andaktar over tekster frå Jesu lidingssoge. Og ei fastepreike hentar også teksten frå Jesu lidingsgang til Golgata.

«Så lang som ei fastepreike» var noko av eit ordtak ein gong. No er fastepreikene hverken lange eller mange, om dei i det heile finst. Men i 1639 gjekk det verkeleg ut eit kongebod frå Christian IV om at prestane skulle preika over lidingssoga kvar onsdag i fastetida. Dette kongebodet står vel knapt ved makt lenger, men det skal finst prestegjeld der fasteandaktar er ein årviss tradisjon enno, og ære vere dei for det! For her er det noko verdfullt som har gått tapt, men det er vel for seint å nya oppatt denne tradisjonen.

Det er i grunnen ikkje nok at forlag og blad prentar fastebøker og fasteandaktar for pasjonstida. Vi skulle vel også venta at noko vart gjort av kyrkja for å samla tankane om «Guds Lam som tek bort verdens synd». Dette er nemleg den sentrale bodskapen i denne delen av kyrkjeåret. Og her er det eg vil nemna somme innslag i gudstenesta som peikar i rett lei. Eg trur det ville vera nyttig om prestane frå preikestolen gjorde kyrkjefolket merksam på desse ting. Litt direkte orientering ville vera kjærkomen mange gonger. Den viktigaste forandringa i fastetida er den tingen at vi i staden for kyrkjebøna bed litaniet (nr. 49 eller 50 i salmeboka). Litani er eit gresk ord som betyr bøn. Og Luther sa om litaniet at det var den beste bøna som fanst, nest etter Fadervår. Og litaniet sluttar med at kyrkjelyden syng «Å du Guds Lam, som bar verdens synder». Vi vender altså blikket mot den lidande Frelsaren, Gudslammet.

På same måten er det også med fastekollekten, den bøna presten seier fram like etter barnedåpen. Dette er ei svært vakker og djup bøn, og til slutt vil vi ta med nokre ord frå denne bøna:

Vi takkar deg, Gud Fader, for du har gitt oss din einborne Son, Jesus Kristus, så kvar den som trur på han ikkje skal verta fortapt, men ha evig liv. Vi takkar deg, Jesus Kristus, for du har bore alle våre synder på din heilage lekam og med ditt blod sletta ut alle våre misgjerningar — —».

— *gus.*

---

## Til Ole Solberg, U.S.A.

Mange takk for den vennlige hilsen til min bror Vehjelm og meg i dette blad. Som tidligere nemnt i Menigh.bladet er Ole Skjølberg gått bort. Han var en del syk ifjor og døde straks før jul på sin vakre gård Spranget, med kjærlig pleie av sine nærmeste. Vehjelm og jeg drar nu på årene, men er bra med helsen enda. Så må du ha det godt både du og din datter Elsie med en vennlig hilsen fra

*Tora og Vehjelm.*

---

*En velsignet påske ønskes alle bladets lesere!*

*Red.*




# MENIGHETSBLAD

**For Orkdal prestegjeld.**

**Utgitt av soknerådene i Orkdal.**

Utk. hver måned unntatt juli og august. Sendes gjennom posten til alle hjem i prestegjeldet, og til alle utenbygdsboende som vil ha bladet.

Kontingent **kr. 4,—** pr. år.

Redaktør: **Kallskap. Olav Olsen.**
Kasserer: **Lærer Nils Ofstad.**

For Orkanger:
**Anton Hoff** og **Nik. Konstad.**

For Orkdal:
**Fru Ingeborg Krogstad Jakobsen.**

For Orkland:
**Lærer Nils Ofstad.**

—

Menighetsbladets trykkeri:
SVORKMO PRENTEVERK


## Menighetsbladets økonomi

I dette numret har vi utdrag av regnskapet for Menighetsbladet. I alle år siden vi startet med Bladet, har vi ligget etter med betalingen til Svorkmo Prenteverk. En tid var gjelden oppe i ca. kr. 2900,00. I de siste årene har denne gjelden gått jevnt og sikkert ned, slik at vi nå skylder Prenteverket kr. 1629,00 når betalingen for første nummer i år er regnet med.

Det er kommet inn mere i gaver de siste årene, og går det så bra med inntektene videre framover, vil vi snart være ferdig med gjelden.

Så vil Bladet takke alle som har gitt gaver, og håper at de trofaste givere fremdeles vil huske det. Og skulle det være noen som har glemt å gi sin gave, så er det anledning til å ordne det i 1961.

**No.**


**Hoff's Begravelsesbyrå**

**Kister og svøp**
**Begravelsesbil.**
**Gravmonumenter.**
Telefon: Orkanger 66.

**Gravmonumenter**

i alle prisklasser og modeller i førsteklasses utførelse kan bestilles hos meg

Monumentene leveres fraktfritt og fritt oppsatt.

**BERNT GROVEN**
Svorkmo.


## MENIGHETSNYTT

**KASSERAREN FOR ORKDAL SOKNERÅD**

opplyser i ein samtale med Menighetsbladet at han no har fått inn kr. 4.639 til flomlysanlegget ved Orkdal hovudkyrkje. Han rekna med at det enno ville kome inn nokre kroner, så ein kjem opp under fem tusen til slutt.

Samstundes opplyser han at soknerådet disponerer kr. 675,— til senkeapparat ved Orkdal kyrkjegard. Det har vore på tale å innhenta opplysningar om pris o.l. Dersom det skulle syna seg at dei pengane ein disponerer, ikkje strekk til, vil det sikkert bli ei råd, så gavmilde folk har vore når det gjeld flomlysanlegget. Den gode oppslutninga lovar godt.

**OFRINGER I ORKANGER**

5/3: Til Trøndelag Indremisjonskrets kr. 198,02.

**OFRINGAR I ORKDAL I 1961:**

Jan. 1. Den norske sjømannsmisjon kr. 324,61.

Febr. 12. Det Blå Kors kr. 150,—.

**GAVER**

Til bedehusstoler i Orkanger har vi mottatt fra Orkanger Indremisjons Kvinneforening kr. 350,—. Fra Sigrid Opøien, Orkanger kr. 35,—. Fra Randi Aae, Orkanger kr. 35,—. Fra Edith og Egil Singstad, Orkanger kr. 35,—. Fra 7 torsdagsbadere i Orkanger folkeblad kr. 35.—.

Til konfirmanttestamenter i Orkanger har vi mottatt fra Orkanger Vel kr. 100,—.

Hjertelig takk for alle nevnte gaver.

**TIL BEDEHUSSTOLAR I ORKANGER**

har en nå fått samlet penger til 54 stoler. Det mangler enda penger til 21 stoler. Så det er godt høve til å få gi.

Sia vi snakker om gaver, er det all grunn til å minne om gaven til bedehuset fra Orkla Metall A/S: På fondveggen, over talerstolen henger nå et vakkert kors av teaktre med forsiring av gull.

Fra Olaug og Gunnar Gundersen har Orkanger kirkes dåpssakristi fått et vakkert bilde. som en også er takksam for.

---

## Til medlemene i Orkdal menigheit

Som de ser er det idag ein postgiroblankett inn i bladet. Det er no så vanleg med slike sedlar at det knapt er nokon som ikkje veit kva slikt betyr. Ja, vil du svara, det veit vi så alt for godt.

Pengar, pengar og atter pengar. Ja, dessverre, du har så alt for rett, men kva skal ein finne på når ein meiner å kunne gjera noko godt med pengane, og ikkje har noko?

Denne gongen er det di eiga menigheit som bed deg som ei gave til arbeidet innan menigheita. Alle vi som er medlemer av same menigheit har ansvar for kvarandre, og dei som er valde til å stå føre menigheitsarbeidet er avhengig av våre pengar.

Kva skal dei brukast til? Ja, det er så mange ting som skulle vori gjort, som blir ugjort på grunn av pengemangel, at det er seint opprekna. Konfirmantane får nytestamente kvart år. Til dette blir det riktignok opptatt offer, men det strekk ikkje til, siste året måtte det til millom 1 og 2 hundre kroner av menigheitskassa attåt offeret. Det er trykkingsutgifter, lysingar, plakatar o.s.b. Frå Bibelselskapet er det komi oppmoding om at menigheita må gje biblar til alle som blir vigde i kyrkja. Det skulle vori gjort noko for ungdomen som veks opp. Det er landsomfatande aksjon frå kyrkjeleg hald for at det breie lag av folket skal koma i kontakt med det levande ord. Unge som stifter familie og skal bygge seg heim, dei som skal legge fast stemneleida for folk og land for åra som ligg framom, hadde nok trengt all den hjelp og rettleiding som kunne gjevast frå menigheitssyskin.

Det er no nokså vanleg med eigneheimskurs for unge ektepar, og det har kanskje større verd enn vi tenkjer over i farten. Det er stadig omkvede at heimane har svikta når barn og ungdom kjem på avvegar.

Endeleg har vi ein haug av bønskriv om å stø opp om gode tiltak, både humanitære og kristelege. Eindel av desse får offerdagar i kyrkja, men det blir berre ein brøkdel, og det ville vera gildt å ha såpass i kassa at ein kunne gje ein «skjerv» der det trengs mest.

I ein sum sagt så skortar det

**PREIKELISTE**

26/3: Grendstugu, By kl. 11. Hatlebrekke
Svorkmo bedehus kl. 11. Olsen
Orkanger kl. 11. Leergaard.

30/3: Orkdal kl. 11. Leergaard. Nattv.
Orkland kl. 11. Olsen. Nattv.
Kyrkjebuss frå Monset
Orkanger kl. 11. Hatlebrekke. Nattverd.

31/3: Orkdal kl. 11. Olsen
Orkland kl. 11. Hatlebrekke.
Kyrkjebuss frå Hoston
Orkanger kl. 11. Leergaard

2/4: Orkdal kl. 11. Hatlebrekke. Ofr.
Orkland kl. 11. Leergaard.
Kyrkjebuss frå Monset. Ofring
Orkanger kl. 11. Olsen. Ofr.

3/4: Orkdal kl. 11. Leergaard
Orkland kl. 11. Olsen.
Kyrkjebuss frå Hoston
Orkanger Aldersheim kl. 11. Hatlebrekke.

9/4: Grendstugu, Evjen kl. 11. Hatlebrekke
Monset skule kl. 11. Leergaard
Orkanger kl. 11. Olsen.

ikkje på oppgaver, men det syner seg alltid at det må pengar til. No bed vi deg, legg ikkje vekk postgiroblanketten, men skriv på eit passende beløp og tak han med deg på posthuset. Og så må du sjølvsagt ikkje gløym «pengan».

Helsing frå *Orkdal sokneråd.*

## Flomlyset
### ved Orkdal kyrkje

**Femkronerullinga held fram.**

Berte og Lars Gangås bet. kr. 10 og utf. Lars Fugelås, Ola Østhus og John Larsen.

Jostein Asbjørnslett bet. kr. 5 og utf. Ole Åmod Graven, Bent Sæterbakk og Johan Berg.

Martin Sæterbakk bet. kr. 5 og utf. Nidvar Asbjørnslett, Ola Slettvold og Maren Haugem.

Lars Advending bet. kr. 5 og utf. Johan Berg, Nidv. Asbjørnslett og Arne Gjønnes.

Arne Dørdal bet. kr. 5.

Klara og Harald Melby bet. kr. 10

Magne Sommervold bet. kr. 5.

Berit Pedersen bet. kr. 5.

Ingebrigt Ofstad bet. kr. 5.

## GAVER til bladet

**ORKLAND.**

**Ved Leergaard:** Rasmus Simoshaug. Ola O. Skjølberg, begge bet. kr. 10.

**Ved Nils Ofstad:** Peder Grendal 5. Kr. Svorkmo og Ola Grø, begge kr. 10.

**ORKDAL.**

**Ved Per Asphjell:** John og Johanna Wiggen 10.

**Ved I. K. Jakobsen:** Ole Lefstad. Karen Fossum. A. Opsal. Anders Fossbakk. Erik Lefstad. Anders Sveeggen. Johanna Ødyn, alle bet. kr. 5. Arnt E. Kvaale. Bernt Blåsmo. Anne og Anders Kjelstad. J. P. Ekli, alle bet. kr. 10.

**ORKANGER.**

**Ved Anton Hoff:** Anonym 2. Ingjald Klingen 10. Berntine og Anton Bach 10. G. og Nervik 5. Anna Holdvakt 5. Helga Sørdal 2. Johanna og Anders Haugen 10. Anne og Knut Isdal 5. Inga og Jørgen Jønsberg 5.

**UTENBYGDS.**

**Ved I. K. Jakobsen:** Anne Sødal, Børsa 10.

**Ved Oddlaug Høston:** Johan Arnt Wuttudal, Jaren Samvirkelag, Jaren st. Hadeland kr. 5.

Hjertelig takk!

**SLEKTERS GANG**

**ORKANGER.**

Døpte:

5/2: Øyvind Dragset
Bjørn Håvard Rønningen
12/2: Heidi Staveli
19/2: Arve Andersen
Anders Forvemo

Døde:

5/2: Peder Kvalholm
10/2: Emelie Eli
18/2: John Svorkmo.

**Kva arbeider de med - - -**

(Forts. fra s. 1).

kiverte, og i tur og orden ville vi gjerne senda dei eit bidrag, dei med. Men det er så lite pengar i kassa vår.

Ja, korleis får eit sokneråd pengar til verksemda si, t.d. til alle dei trykksakene som må til ved ulike høve. Ein er kjend med at soknerada har høve til å ta inn i si kasse 10 % av alle kyrkjeofringar med unntak av ofringar til dei aller eldste misjonsorganisasjonane, t. d. Det Norske Misjonsselskap og nokre få andre. Har soknerådet i Orkdal tatt denne tiprosenten nokon gong?

— Ja, for ein del år sidan prøvde vi å gjennomføra den ordninga, men denne «avgifta» er så upopulær at vi har slutta med den for lenge sidan.

I førre numret av Menighetsbladet kunne ein oppmerksam lesar sjå at det hadde vore ofra til menighetsarbeidet to gonger i 1961, men det rekk vel ikkje langt?

— Nei, og derfor har vi gjort vedtak om ein serskild aksjon som skal bli sett i gang med det første. Vi reknar nemleg med at folk har vilje og trong til å stø menighetsarbeidet, når dei berre får eit lagleg høve, og veit at det trengst.

(Forts.)

GODT UTVALG av
SØLVVARER
til
BARNEDÅP
BRYLLUP
KONFIRMASJON
JOHN RØHME
GULLSMED - ORKANGER

Innramming av bilder
Av flere grunner tar jeg pånytt mot oppdrag for innramming.
ANTON ASK,
Fannrem, telef. 1064 a.

## Regnskapsutdrag for 1960

Inntekt:

| | | |
|---|---|---|
| Beholdn. pr. 31/12 1959 | | kr. 338,86 |
| Gaver: | | |
| Orkland | kr. 1144,00 | |
| Orkdal | « 1758,00 | |
| Orkanger | « 989.00 | |
| Utenbygds | « 190,00 | |
| Utenlands | « 192,42 | kr. 4273,42 |
| Orkedals Sparebank | | « 200,00 |
| Annonser | | « 120,00 |
| | | Kr. 4932,28 |

Utgift:

| | |
|---|---|
| Trykking | kr 3100,00 |
| Porto | « 1050,89 |
| Kristelig pressekontor | « 85,00 |
| Balanse | « 696,39 |
| | Kr. 4932,28 |

I Postsparebanken .. kr. 104,00.

Revidert av
**Kr. Svorkmo og John Bakken.**

**Nils Ofstad,** kasserer.